

# Årleg melding

## Brukarutvalet Helse Fonna 2020

---

## Samansetjing av utvalet

### Medlemmer

Grete Müller (leiar)	SAFO Sørvest
Kristine Sele (nestleiar)	Pensjonistforbundet
Janne Anita Steindal Jensen	FFO Rogaland
Heidi Larsen Wåge	Kreftforeininga
Laila Stensletten	FFO Hordaland
Kjell Inge Bringedal	SAFO Sørvest
Erling Netland	RIO
Else-Berit Helle	FFO Hordaland

### Varamedlemmer

Karin Olsen Vikse	Pensjonistforbundet
Ana Ekrem	Kreftforeiningen
Jan Bjørn Fiskå	FFO Rogaland
Geir Tore Søreide	SAFO Sørvest
Mette Lambach	FFO Hordaland
Frode Winther	RIO

### Administrasjonen

Kari Ugland, samhandlingssjef til 1. mars 2020/ Reidun Rasmussen Mjør, frå september 2020  
Sølvi Torvestad, samhandlingskoordinator/ sekretær for brukarutvalet

### Saker, oppgåver og aktivitet

Brukarutvalet har hatt seks møte i 2020, der halvparten har vore gjennomført elektronisk. I forkant av møta har leiar, nestleiar og sekretær gjennomført AU-møte for å setja agenda.

Brukarutvalet sitt arbeid vart i 2020 prega av koronapandemien, som så mykje anna ved sjukehusdrifta og i samfunnet generelt. Planlagt brukarutvalsmøte i april vart avlyst og fleire av prosjekta, brukarsamlingane og aktiviteten i interne utval der brukarrepresentantar deltar, vart ikkje gjennomført på vanleg måte. I staden gjekk ein over til elektroniske møte på Skype. Erfaringa ved bruk av Skype er blanda avdi nokon av brukarrepresentantane ikkje kunne bruka Skype på sine datamaskiner. Ei anna erfaring ved bruk av elektroniske møte er at møtene er vanskelege å gjennomføra på grunn av at deltakarane fort vart slitne, sjølv om ein legg inn pausar. Møta blir mindre effektive fordi sakslista må gjerast kortare, og ikkje alle er like

komfortable med elektronikken. Etter at brukarutvalet gjekk over til å bruke «Join» på helsenettet, har dei elektroniske møta vorte enklare å gjennomføra.

Fleire av brukarrepresentantane melder at dei ikkje er blitt kalla inn til møte i arbeidsgrupper og prosjekt som er gjennomført elektronisk. I nokre høve er dei blitt orienterte i etterkant av at møtet har funne stad.

Kontakten mellom brukarutvala/ brukarråd har vore tydeleg mindre dette året, på grunn av avlyste felles samlingar i august og oktober. Konferansar og liknande, der brukarrepresentantane til vanleg deltar på tvers av føretaka, er heller ikkje blitt noko av. Eit par webinarer er blitt arrangerte som erstatning for det tapte, men dette er ei møteform der det er vanskeleg å engasjera tilhøyrarne i tilstrekkelig grad, teknikken skrantar ofte og det blir mykje einvegskommunikasjon som brukarrepresentantane synest er krevjande å fylgje med på.

I løpet av året har det vore to elektroniske møte i Leiarforum. Leiarforum består av leiar og nestleiar i alle brukarutvala i Helse Vest, medrekna Haraldsplass. Intensjonen er å utveksle erfaringar frå dei ulike brukarutvala i regionen og skaffa seg informasjon om rapporteringar, høyringar, strategiar og planar som føregår rundt i vår region. Særleg viktig for oss dette året er informasjonen om den pågående koronapandemien og kva konsekvensar den har for drifta ved sjukehusa våre, etterslepet og korleis helseføretaka planlegg for å koma a jour og redusera fristbrot.

## Fokusområde for utvalet i 2020

### 1. Koronapandemien

Då årshjulet vårt med handlingsplan vart handsama på brukarutvalsmøte 10. februar, hadde ingen av oss tenkt at koronapandemien ville få så stor innverknad på arbeidet vårt som det har gjort. På dette tidspunktet såg me fram til at Oppdragsdokumentet skulle gje oss haldepunkt for kva saker som skulle prioriterast og som i særleg grad kunne gå ut over pasientane. I tillegg var me spente på korleis revidert Nasjonal helse- og sjukehusplan ville få tyding for Helse Fonna og samhandlinga med kommunane som sokner til vårt føretak.

Deler av Oppdragsdokumentet vart av landet sine helsemyndigheiter sett på vent etter 12. mars og deler av lovverket som regulerer pasient- og brukerrettar, vart midlertidig sett til side for å løysa pandemien sin umiddelbare trong for smittevernsutstyr, smitteinntak, analyse av koronatestar, rydda plass til intensiv behandling og informasjon til publikum.

Som representantar for pasientane erfarte me at Helse Fonna meir enn oppfylte forventningane våre til leiing og helsepersonell, som alle gjorde ein formidabel jobb med å takla alle utfordringane som kasta om på vanlege sjukehusrutinar og planar for sjukehusdrifta.

## 2. Oppdragsdokumentet for 2020

Som nevnt vart deler av Oppdragsdokumentet sett til side i det første halvåret av 2020. Særleg hadde brukarutvalet hatt forventningar til at pakkeforløp for hjerneslag fase 2 nå skulle rullast ut som ein viktig del av samhandlinga med kommunane for å nå målet om ei sømlaus helseteneste.

Den delen av Oppdragsdokumentet som omhandla psykisk helse og rus skulle likevel gjennomførast som planlagd. Alt i alt synest det som om pasientforløpa for denne pasientgruppa har gått som planlagd i 2020, trass i restriksjonar og kapasitetsutfordringar. Samarbeidet med private institusjonar og kommunar har fungert bra, og innafor BUP har ein tatt særlege grep og lukkast med å tilsetja fleire fagpersonar. Dette har ført til at Helse Fonna no på slutten av året har dei lågaste ventetidene nokon sinne innafor psykisk helse for barn, unge, vaksne og ruslidingar.

## 3. Kvalitet og pasientryggleik

Det har vore noko uro om pandemien ville føra til at pasientar vegra seg for å oppsøkje fastlege på grunn av smittefare, og kanskje gjekk med medisinske lidningar som kunne forverra seg etter som tida gjekk og dei ikkje fekk utgreiing i spesialisthelsetenesta. Særleg tenkte ein på kreftpasientar som har eit særlig trong for oppfølging, og at rett behandling bør koma i gang etter dei forløpstider som er avtalt. No i ettertid er erfaringa at Helse Fonna har gjort ein god jobb med å prioritera og leggja til rette for denne pasientgruppa, og det er ikkje rapportert om utsetjingar av behandling eller at pasientar ikkje har møtt til behandling på grunn av smittefare.

Ein god ting som kanskje skuldast koronapandemien, er at bruken av digital helsehjelp og elektronisk kommunikasjon verkeleg har slått an hos pasientar og behandlarar, og er eit godt supplement til ordinær pasientbehandling. Særleg er det innan psykisk helse og rus at digitale hjelpemiddel ser ut til å vera godt teke i mot. E-meistring som behandlingsopplegg eller helseoppfølging høver godt for pasientar som bur langt frå sjukehus, og som dermed slepp lang reisevei og må ta seg fri frå skule eller arbeid. Brukarutvalet er spent på å fylgja med på utviklinga av E-mestring fordi me trur at denne måten å møte pasientar på utjevner gamle maktstrukturar, fremjar større medverknad og gir moglegheiter for meir reelt samval. At også Pasien-og forbrukertombodet melder at pasientane ynskjer digital kommunikasjon og behandling i større grad enn før, tyder på at det blir jobba klokt innafor dette området. Me håper at tilbodet om elektronisk oppfølging og E-meistring vert utvikla vidare i helseføretaket, og tilrår sterkt at våre brukarrepresentantar blir tatt med i ulike prosjekt framover.

Ei av dei utfordringane som brukarutvalet ville fylgja opp i sin handlingsplan for 2020 var ferdigbehandla pasientar som kommunane vegra seg for å ta attende. 2020 blei ikkje slik som venta på grunn av koronapandemien. Etter første halvdel av året var det svært få ferdigbehandla pasientar som måtte venta på plass i sine respektive kommunar. Kanskje kjem det av at

samarbeidet med kommunane har vorte betre enn før pandemien, og at ein på grunn av faren for smitte måtte gjere kloke grep for å finne løysingar for den einskilde pasient. Ein anna grunn kan også være at straumen av somatiske pasientar var lågare i fyrste halvår, noko som førte til mindre trykk på sengekapasiteten.

Kvalitet i pasientbehandlinga og god pasienttryggleik er brukarutvalet særleg oppteken av. Me fylgjer med på rapportar om kvalitetsindikatorar og meldingar om uønska pasienthendingar. Det synest nokså klart at pandemien har ført til at helsepersonellet vårt har vore utsett for eit stort arbeidspress over lang tid. Til tross for det ekstra presset som meirarbeidet med smittevern, ventetid for avklaring av covid-prøver og travelheit i akuttmottak har ført til, kan det vanskeleg påvisast nokon samanheng med alvorlige pasienthendingar. Dette tyder på at pasienttryggleiken er godt teken i vare i våre klinikkar. Likevel viser rapportane at når arbeidspresset over tid er i overkant høgt, aukar talet på uynskte hendingar og då vert og potensialet for pasientskader større. Dersom pandemien skulle halda fram med like stort smittetrykk langt inn i 2021, burde ein kanskje vurderer om grunnbemanninga bør aukast der trykket er størst, og for å ta i vare helsepersonellet.

## Temasaker i 2020

**På møta i brukarutvalet har det vore informert om ei rekke tema dette året:**

Bygg 2020 v/ Prosjektdirektør Laila Nemeth

Revidert Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023 v/ samhandlingssjef Reidun Rasmussen  
Mjør

Arbeidet med pasienttryggleik i Helse Fonna v/ fagdirektør Haldis Økland Lier

Alle møter-prosjektet - introduksjon av nye betalingsautomatar og Imati-tavler

Kontaktlegeordningen - implementering i Helse Fonna

Vel Heim-prosjektet – knytta til betre utskrivningsprosessar og for å minske re innleggingar

Kvalitetsforbetringsprosjekt ved lungepoliklinikken

Informasjon når det gjeld pandemisituasjonen i føretaket v/ adm.dir. Olav Klausen

Kvalitetsarbeid ved medisinsk klinikk v/ klinikkdirektør John Conrad Brandsø

## Samarbeid med brukarorganisasjonane

Trass i pandemien og avlyste møte med brukerråda innan psykisk helse og rus og ungdomsrådet, har brukarutvalet likevel hatt god kontakt med pasientorganisasjonane gjennom E-mail og telefon. Leiar og nestleiar har og møtt pasientorganisasjonane og orientert om brukarutvalet sitt arbeid på Brukerhuset. Av saker frå brukarorganisasjonane som er teke opp i brukarutvalsmøta kan me nevna:

- ✓ Informasjon om eigenbetaling når pasientar vert overført til kommunal opptrening/rehabilitering
- ✓ Reserverte parkeringsplassar ved BUP for pårørende som transporterer born med utfordrande åtfærd
- ✓ Pasientar med manuell rullestol som ynskjer å bruke Helseekspressen
- ✓ Lærings- og meistringskurs for pasientar med fordøyingsplager ved Stord sjukehus
- ✓ Dialogsenteret – periodevis vanskelig å komme igjennom på telefonen
- ✓ Legedekninga ved palliativt team
- ✓ Kommunikasjon med pasientar som verken kan eller ynskjer å bruke elektronisk informasjonsteknologi

## Brukarmedverknad i helseforskning og innovasjon

- ✓ Brukarutvalet samarbeider med FOUSAM, eining for forskning og utvikling innan samhandling ([www.fousam.no](http://www.fousam.no)), om rekruttering, registrering, brukarbank og oppfølging av brukarpanelet innan forskning. Brukarpanelet har hatt fire møter i 2020, der tre forskingsprosjekt vart lagt fram for panelet. Møtet i desember vart nytta til å evaluere brukarpanelet sitt arbeid.
- ✓

## Brukarutvalet har gjeve høyringsuttale til

Kommentar til Årleg melding 2020 for Helse Fonna HF  
 Årleg melding 2020 frå brukarutvalet

## BU deltaking i arbeidsgrupper og utval

Arbeidsgrupper/utval/samlingar	Namn
Arbeidsutval for habilitering og rehabilitering. Møteplassen	Kjell Inge Bringedal
Arbeidsutval for lærings- og meistringstilbod (LMS) Alle sjukehusområder	Alf Anvedsen Else Berit Ingvaldsen
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Hardanger sjukehusområde	Bodil Ystanes
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS) Haugalandet sjukehusområde	Alf Anvedsen Heidi Wåge (vara)
Nettverk for lærings- og meistringstilbod (LMS)	Else Berit Ingvaldsen Laila Stensletten (vara)

Sunnhordaland sjukehusområde	
Kvalitetsutvalet	Grete Müller Else Berit Helle (vara)
Klinisk etikk-komite (KEK)	Kristine Sele Heidi Larsen Wåge (vara)
Toppleiarforum	Grete Müller Else Berit Helle
Samhandlingsutvalet	Nils Magne Kloster Heidi Larsen Wåge
Tvisteløysingsorgan SU	Laila Stensletten Else Berit Helle
Ressurspersonar for erfaringskonsulenten i FOUSAM	Laila Stensletten
Fagnettverk for barn og unge.	Janne Anita Steindal Jensen Emma Sofie Pedersen (ungdområdet)
Styringsgruppa, samhandlingsprosjekt: Barn og unges helseteneste	Laura Sofie Seltveit
Revisjon av samarbeidsavtale 3 og 5	Karin Olsen Vikse Else Berit Helle
Pakkeforløp, psykisk helsevern barn	Liv Alsaker Sande
Pakkeforløp, psykisk helsevern vaksne	Karl Olaf Sundfør Beth Iren Risvold (Mental Helse)
Vel møtt	Kjell Inge Bringedal Mette Lambach
Arbeidsgruppe i LM-nettverket: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helsepedagogikk</li> </ul>	Janne Elin Thronsen Karoline Taraldsøy
Prosjekt, bedre tverrfaglig innsats	Ruth Gravdal (brukerbanken)
Byggeprosjekt 2020:	
Styringsgruppe	Grete Müller
Arbeidsgruppa for eldremedisin	Heidi Larsen Wåge
Kvinne / barn	Janne-Elin Thronsen
Akutt somatikk/psyk/rus	Else Berit Ingvaldsen
Obs posten	Laura Seltveit

Intensiv/postop	Gerd Lise Dalen
Operasjon/dagkirurgi/ samme dag mottak	Grete Müller
Habilitering og PPU	Else Berit Ingvaldsen
Laboratorium	Janne- Elin Thronsen
Radiologi	Janne- Elin Thronsen
Ambulanse	Erling Netland
Fellesfunksjonar	Kjell Inge Bringedal
Hjarte/lunge/MIO	Mette Lambach Steinar Timenes
Nyfødt	Janne-Elin Thronsen
Rus/DPS	Janniche Kristengård

## **Brukarutvalet sine satsingsområde for 2021**

Pasientsikkerhet og kvalitet i hele helseforetakets virksomhet  
 Pasientenes legemiddelliste og legemiddelsamstemming  
 Oppdragsdokumentet for 2021  
 Utvikle brukarmedverknad i Helsefelleskap  
 Ny utviklingsplan for Helse Fonna  
 Følge opp pakkeforløp innan kreftdiagnoser, hjerneslag, psykisk helse og rus  
 Pasientinvolvering innan helseforskning – evaluere dagens ordning  
 Delta i E-mestringprosjekt innan psykisk helse og rus  
 Delta i ferdigstilling av byggetrinn 1 - Haugesund Bygg 2020  
 Delta i planlegging av byggetrinn 2 - Haugesund Bygg 2020